


# INTENSJONSAVTALE FOR SAMANSLÅING AV BOKN OG TYSVÆR

26.02.2016



**BOKN KOMMUNE**



**TYSVÆR KOMMUNE**

## **INNHALD**

1. Bakgrunn for intensjonsavtalen
2. Mål for den nye kommunen
3. Namn, målform og kommunevåpen
4. Utviklingsfond for Bokn
5. Økonomi
6. Politisk styring
7. Samfunnsutvikling
8. Tenester
9. Kommunen som arbeidsgjevar
10. Samanslåingsprosessen

# 1. BAKGRUNN FOR INTENSJONSAVTALEN

Regjeringa sine mål for ny kommunestruktur er:

- Styrka lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver
- Gode og likeverdige tenester til innbyggerane
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Heilskap og samordning i samfunnsutviklinga

Kommunane skal sjølv vurdere sin eigen situasjon med bakgrunn i desse måla, og saman med nabokommunar sjå på om det finst gode grunnar for samanslåing

Bokn og Tysvær kommunar utgreidde mulighetene for samanslåing i 2005 og har gjort nye vurderingar i samband med Kommunereform 2020 i 2015 og 2016.

Formannskapa i kommunane har ført nabosamtalar og er samde om at det vert utarbeida eit utkast til intensjonsavtale som vert lagt på høyring saman med utgreiingsalternativa i dei 2 kommunane. Innhaldet i intensjonsavtalen er viktig som ein del av grunnlaget for innbyggjardialog og event. folkeavstemming.

Målet med ei samanslutning mellom Bokn og Tysvær er å skape ein meir robust kommune, med både sentrumsutvikling og livskraftige bygder med god tilgang på nødvendige tenester for innbyggjarar og næringsliv.

Kommunestyra kan gjere vedtak om å fremme søknad om kommunesamanslåing i juni 2016. Endeleg vedtak om samanslåing vert gjort av Kongen i Statsråd i 2017. Dersom det vert gjort vedtak om samanslåing, tek ein sikte på å etablere nye Tysvær kommune frå 01.01.2020.

## 2. MÅL FOR DEN NYE KOMMUNEN

Den nye kommunen skal ta opp i seg det beste frå kvar av dei eksisterande kommunane og utvikle dette vidare. Utforming av mål og strategiar for den nye kommunen vil bli ein del av kommuneplanarbeidet. Så langt er ein einige om å ha fokus på følgjande:

- **Utviklingsorientert og framtidsretta:** Med sentral plassering og gode naturgitte forhold skal den nye kommunen med 12-13.000 innbyggjarar satse på berekraftig vekst og utvikling både når det gjeld bustadbygging og næringsetablering. Nye E39 vil gje eit nytt samfunnsutviklingsområde mellom Boknafjorden og Sunnhordland som den nye kommunen skal bidra til å utvikle.
- **Gode tenester i ein berekraftig økonomi:** Kommunen skal tilby tenester av god kvalitet og sikre ein berekraftig og effektiv tenesteproduksjon.
- **Sentrumsutvikling og bygdeutvikling:** Akdsalsområdet skal styrkast som kommune- og regionsenter og bygdene skal sikrast gode tilbod og tenester. I den sørlige delen av kommunen skal Føresvik være områdesenter. Gjeldande kommuneplanar skal leggast til grunn for vidare arbeid.

- **Ein attraktiv arbeidsgjevar som satsar på kompetanse, lokalkjennskap og kvalitet:** Kommunen skal vere ein raus og inkluderande arbeidsgjevar. Ved å satse på innovasjon og omstilling skal kommunen vere framtidsretta og profesjonell. Større og sterkare fagmiljø vil gje betre grunnlag for rekruttering, kompetanse, fagleg kvalitet og lokalkjennskap i tenestene.
- **Gode vilkår for kulturen og dei frivillige:** Kommunen skal styrke dugnadsviljen og legge til rette for den viktige rolla frivillige har i lokalsamfunnet.
- **Regionalt knutepunkt for næringsutvikling:** Kommunen skal nytte den sentrale lokaliseringa midt i Rogaland og på Vestlandet og arbeide aktivt med samfunns- og næringsutvikling
- **Gode vilkår for landbruksnæringa og sjømatnæringa:** Kommunen har rike areal for produksjon av mat både på land og i sjøområde og skal utnytte desse fortrinna til vekstskaping og nye arbeidsplassar
- **Gode kommunikasjonar og samband:** Kommunen skal sikrast utbygging av breiband og gode vegsamband i samarbeid med statlege og private aktørar, slik at innbyggjarar og næringsliv får gode samband og kommunikasjonar.
- **Energibruk og det grønne skiftet:** Kommunen skal bidra til at naturgass og bærekraftige energikjelder vert nytta og foredla lokalt.

### 3. NAMN, MÅLFORM OG KOMMUNEVÅPEN

Namnet til den nye kommunen skal vere Tysvær.

Dette namnevalet blir grunngeve med at kan vere vanskeleg å finne eit anna namn som kan bli ein god identitetsberar for den nye kommunen, at over 92% av innbyggjarane i den nye kommunen bur i det som i dag er Tysvær kommune, og at det vil vere betydelege kostnader med ei namneendring.

Uavhengig av kommunenamnet vil innbyggjarane i den nye kommunen sjå på seg sjølv som Haugalending, Boknar, Tysværbu, Nedstrandsbu, m.v.

Innbyggjarane i den nye kommunen nyttar både bokmål og nynorsk. Den nye kommunen skal derfor vere språknøytral.

Nye Tysvær kommune vil ved eventuell gjennomføring av denne avtalen gjere vedtak om kommunevåpen, visjon og grafisk uttrykk.

### 4. UTVIKLINGSFOND FOR BOKN

I erkjenning av at kommunenamnet er viktig, og som gjenyting for at ein aksepterer at namnet på den nye kommunen skal vere Tysvær, blir det for kommunestyreperioden 2020-2023 oppretta eit bygdeutviklingsutval for Bokn.

Utvalet skal i perioden ha eit samla budsjett på 10,0 mill. kroner, som skal kunne nyttast til utviklingsføre mål i Bokn. Det skal utarbeidast eigne vedtekter som definerer bygdeutvalet sitt arbeidsområde og med retningslinjer for disponering av midlar.

## 5. ØKONOMI

Kommunen skal kjenneteiknast av god og langsiktig økonomistyring, bærekraftig ressursbruk og god standard i tenestene til innbyggjarar og næringsliv.

Sunn økonomi skal gje handlingsrom til å løysa nye utfordringar

Satsar for eigenbetaling og gebyr vert like innanfor kommunen.

I samband med overgangen til ny kommune vil kommunen få dekkja eingongskostnader på 20 mill. kroner som vert utbetalt når nasjonalt vedtak om samanslåing er gjort.

Reformstøtte ut frå talet på innbyggjarar vil bli 5 mill. kroner, utbetalt ved samanslåing.

Det blir i tillegg lagt til grunn inndelingstilskott i 15 år, med nedtrapping over 5 år, etter Regjeringa sitt opplegg, der kommunar som slår seg saman får behalde basis- og småkommunetilskott som om dei framleis var eigne kommunar. Dette utgjør for perioden 2020-2039 samla 318 mill. kroner, som sikrar den nye kommunen sitt inntektsgrunnlag og gir god tid til å hente ut føresette effektiviseringsgevinstar.

Eksisterande verdiar og gjeld i dei to kommunane går inn i den nye kommunen.

## 6. POLITISK STYRING

Kommunen skal ha formannskapsmodell med hovudutval.

Kommunen skal ha 29 repr. i kommunestyret og 9 repr. i formannskapet.

Kommunens skal ha 2 hovudutval, levekår og teknisk, med 9 repr. i kvart utval

Kommuneplanutvalet skal bestå av formannskapet og leiarane i dei 2 hovudutvala.

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer.

Kommuneplanutvalet sine oppgåver:

- Kommunal planstrategi
- Kommuneplan og kommunedelplanar
- Områdeplanar
- Samfunnsutvikling og næringsutvikling

Teknisk utval sine oppgåver:

- Områdeplanar og detaljreguleringsplanar
- Byggesakshandsaming
- Kommunalteknisk infrastruktur
- Landbruksaker
- Miljø, energi, klima

Levekår sine oppgåver:

- Barnehagar, skular, vaksenopplæring, PPT

- Helse og omsorg, barnevern
- Kultur, Idrett, lag, organisasjonar

Andre lag og utval:

- Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Ungdomsråd

Kommunen skal vere ein open og tilgjengeleg kommune med god dialog mellom innbyggjarar, politikarar og administrasjon. Kommunen skal legge til rette for gode medverknadsprosessar med innbyggjarane og andre.

## 7. SAMFUNNSUTVIKLING

Den nye kommunen vil ha ei svært sentral og strategisk plassering opp mot eit moderne og framtidsretta veg- og kommunikasjonssystem som skal nyttast aktivt for å skape nye arbeidsplassar og gode bumiljø i ein styrka region.

### Areal og utbygging:

Den nye kommunen vil få ei utstrekning på 472 km<sup>2</sup> med 444 km<sup>2</sup> landareal og 28 km<sup>2</sup> sjøareal. I gjeldande kommuneplanar er det sett av utbyggingsareal til bustad-, nærings- og sentrumsføremål som gir arealreservar for eit aktivt utviklingsarbeid mange år framover. Samla arealplanlegging skal gje grunnlag for ein meir effektiv, berekraftig og framtidsretta arealpolitikk der ein tar omsyn til jordvern, kulturlandskap og biologisk mangfald. I tråd med nasjonale føringar skal det satsast på fortetting og styrking av eksisterande sentra, men det skal og vere mulig å kunne busette seg desentralisert for dei som ynskjer dette. Den nye kommunen skal utvikle ein differensiert strandsonopolitikk med utgangspunkt i gjeldande kommuneplanar.

### Senterstruktur:

Regiondelsenter og kommunesenter: Akسدal

Områdesentre /kommunedelsentre: Føresvik, Frakkagjerd, Nedstrand

Lokalsentra/bygdesentra: Slåttevik, Hervik, Skjoldastraumen

### Transport og kommunikasjon:

Kollektivtransport er eit viktig satsingsområde med regionale og lokale bussruter og båttruter som korresponderer. Tilrettelegging for miljøvennlege reisemiddelval som sykkel og gange skal vere eit satsingsområde i tettbygde og trafikkfarlege område.

- E39 Kyststamvegen er ei viktig livsnerve gjennom kommunen. Utbygging til 4 felt veg i nye trasear vil gje nye utfordringar og muligheiter. Kommunen vil arbeide for avkjøringar til ny E 39 ved Laupland på Bokn, til T-sambandet og i Akسدal, og for at desse lokasjonane blir vidareutvikla som kollektivknutepunkt. Kommunen ser det som viktig å ivareta miljøhensyn i trasevalg slik at en i størst mulig utstrekning bruker tunell ved passering av jordbruks- og boligområder.
- Nye utbyggingar på E134 Haukelivegen vil gje nye muligheiter for varetransport og persontransport mot Austlandet og kontinentet.
- Nye sentrale fylkesvegar skal vedlikehaldas og ha god standard slik at disse blir naturlege tilførselsveger til E 39.

- Nedstrandsambandet (Midtsambandet) og hurtigbåtrutene i Ryfylke er viktig både for fastbuande og turistar i indre deler av kommunen, og kommunen vil arbeide for å oppretthalde desse kommunikasjonane.

### **Næringsutvikling:**

Kommunen vil legge til rette for eit variert næringsliv og tilby lokalisering både for arealkrevjande og arbeidsintensive verksemdar. Verksemdar med mange tilsette bør lokaliseras nær hovudveg- eller kollektivnettet slik at dei tilsette kan koma til og frå arbeid på ein trygg, miljøvennleg og effektiv måte.

Det skal leggest til rette for næringsklynger der ein kan samle kompetanse og arbeidskraft. Haugaland Næringspark er under utbygging som regionalt næringsområde.

Næringsområda Aksdal Næringspark, Knarholmen, Skjoldastraumen, Espevik, og Nedstrand skal utviklast vidare som lokale næringsområde.

### **Samfunnssikkerhet, klima og miljø:**

Kommunen skal vere ein trygg stad å bu for alle innbyggjarane. Kommunane sine ROS analyser, beredskapsplaner og energiplanar vert samordna og revidert ved etablering av den nye kommunen.

Kommunane på Haugalandet skal ta stilling til deltaking i regionale løysningar for brannsamarbeid og legevakt. Det bør veljast løysningar som er gode for den nye kommunen samla.

## **8. TENESTER**

Den nye kommunen skal sikre eit godt, lett tilgjengeleg og likeverdig tenestetilbod for innbyggjarar og næringsliv. For å sikre gode tenester og bruke ressursane rett vil det vere avgjerande at kommunen greier å halde på og styrke relevant kompetanse i konkurranse med andre arbeidsgjevarar i regionen. Kommunen skal ha:

- Tilstrekkeleg kapasitet og dekningsgrad i alle tenester
- Sterke fagmiljø, god leiing og internkontroll
- Barnehagar, skular, helse- og omsorgstenester nær innbyggjarane
- Effektiv tenesteproduksjon og servicefunksjonar spreidd i kommunen

### **Barnehagar:**

Kommunen skal ha full barnehagedekning. Kommunen vil bli eitt opptaksområde, men det vil vere eit mål å oppretthalde gode tenestetilbod i heile kommunen.

Det skal i perioden fram mot samanslåing utarbeidast ein felles barnehagebruksplan med politisk og administrativ deltaking frå begge kommunar.

### **Skular:**

Barneskulestrukturen skal ikkje endrast som følgje av kommunesamanslåing. Den nye kommunen skal satse på kompetanse og kvalitet i skulane.

Bokn kommune er kjent med at Tysvær kommune utgreier ei muleg løysning med kommunedekkande ungdomsskule.

Det skal i perioden fram mot samanslåing utarbeidast ein felles skulebruksplan med politisk og administrativ deltaking frå begge kommunar.

### **Helse og omsorg:**

Tysværtunet vert utvikla som korttidssjukeheim med tildelingskontor og samla felles tenester. Det skal vere sjukeheimar med langtidsplassar på Boknatun, Aksdalsstunet og Nedstrandstunet.

Dagens ordningar med lege, helsestasjon og heimesjukepleie vidareførast.

Tysvær kommune er kjent med at Bokn kommune planlegg utbygging av sjukeheim/ omsorgsbustader med inntil 15 bueiningar med ferdigstilling innan utgangen av 2017.

Det skal i perioden fram mot samanslåing utarbeidast ein felles helse- og omsorgsplan med politisk og administrativ deltaking frå begge kommunar.

### **NAV:**

NAV vil etablere eit felles kontor for den nye kommunen i Aksdal.

### **Kultur og idrett:**

Biblioteket i Tysværtunet i Aksdal vert hovudbiblioteket i den nye kommunen.

Kombinerte folke og skulebiblioteket i Føresvik og Nedstrand.

Kulturskulen skal ha sin hovudbase i Aksdal med lokale tilbod der det er tenleg.

### **Kultur og idrett:**

Biblioteket i Tysværtunet i Aksdal vert hovudbiblioteket i den nye kommunen.

Det skal vere kombinerte folke og skulebiblioteket i Føresvik og Nedstrand.

Kulturskulen skal ha sin hovudbase i Aksdal med lokale tilbod der det er tenleg.

Viktige festivalar og tiltak som bLEST litteraturfest, Midtsommarfest, Seniorperler, Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken blir tilrettelagt for deltaking for heile den nye kommunen.

Lag og organisasjonar skal ha like vilkår ved bruk av kommunalt drivne kultur- og idrettsbygg og anlegg, som Tysværtunet kulturhus og badeanlegg, Tysvær Kino, Boknahallen, Sysco Arena, Sandbekken og andre.

### **Servicetorg:**

Servicetorget i den nye kommunen skal vere på rådhuset i Aksdal.

### **Tekniske tenester:**

Tekniske tenester i den nye kommunen skal vere på rådhuset i Aksdal.

### **Bygg- og eigedomsforvaltning:**

Bygg og eigedomsforvaltninga skal vere i Aksdal, med muligheit for lokale driftseiningar elles i kommunen etter behov.

### **Spesialiserte funksjonar og tenester:**

Nokre tenester har små og spesialiserte fagmiljø. Dette gjeld mellom anna, PPT, barnevern, rusomsorg, psykiiritenester, arkiv, IKT, innkjøp, juridiske tenester, landbruksforvaltning, arealplanlegging, samfunnsplanlegging og beredskap. Dimensjonering, rekruttering, kompetanse og kapasitet i slike tenester og funksjonar er blant smådriftsulempene kommunane erfarer i dag. Det må vurderast kva tenester den nye kommunen skal tilby i eigen regi og kva som kan vere aktuelt å samarbeide om i interkommunale løysningar. Dei ulike arkiv og IKT systema må samordnast ved eventuell samanslåing. Det same gjeld felles kommuneplan og anna planverk.



## 9. KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

Medarbeidarane er ein viktig ressurs.

Den nye kommunen skal vere ein av dei mest attraktive arbeidsgjevarane i regionen. Kommunen skal vere raus og inkluderande og ha god dialog med medarbeidarane. Kommunen skal ha ein handlekraftig og effektiv organisasjon med god leiing, høg kompetanse og kvalitet i alle ledd.

Samanslåinga skal ikkje føra til at tilsette i nokon av dei to kommunane blir sagt opp. Ein eventuell reduksjon i talet på tilsette skal skje med naturleg avgang. Tilsette skal ikkje få reduksjon i lønn som følgje av kommunesamanslåinga. Nokre medarbeidarar vil få nye oppgåver og ny arbeidsstad. Gode prosessar skal sikre at tilsette vert høyrde og kan bidra til omstillinga.

Ved eventuell vidareføring av intensjonsavtalen vil kommunane i samarbeid med tilsette sine organisasjonar utarbeide ein omstillingsavtale som omhandlar korleis endringsprosessen skal gjennomførast i tråd med arbeidsmiljølovas kap. 16.

## 10. SAMANSLÅINGSPROSESSEN

Samanslåingsprosessen bør gjerast så effektivt og kortvarig som råd er, samtidig som ein skal ha gode og opne prosessar med grundig saksutreiing, sterk politisk forankring og god dialog med innbyggjarar og tilsette.

Når departementet har gjort vedtak om at kommunar kan slå seg saman skal det opprettast ei fellesnemnd etter inndelingslovas § 26. Fellesnemnda skal ha 10 medlemmer, 5 frå Bokn formannskap og 5 frå Tysvær formannskap. Fellesnemnda skal sjølv velje leiar og nestleiar.

Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.

Fellesnemnda kan, fram til den nye kommunen er etablert, uttale seg i saker som er til behandling i kommunane sine ordinære utval, og som fellesnemnda meiner har konsekvensar for samanslåingsprosessen.

Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet skal bestå av fellesnemnda sine medlemmer og 2 representantar frå kvar kommune som vert utpeika av tilsette sine organisasjonar.

Dersom det er vilje til samanslåing vil den nye kommunen fungere frå 01.01.2020. Politiske representantar for den nye kommunen vert vald ved ordinært val hausten 2019. Organisering og politisk leiing frå kommunevalet og fram til ny kommune vert etablert, vert tatt stilling til av fellesnemnda og kommunestyra i tråd med retningslinjer frå styresmaktene.

Denne avtalen skal godkjennast av kommunestyra i Bokn og Tysvær kommunar.

Aksdal / Bokn, 26.02.2016

Tormod Våga  
Ordfører Bokn kommune

Sigmund Lier  
Ordfører Tysvær kommune

Lars Sigmund Alvestad  
Varaordfører Bokn kommune

Ola Apeland  
Varaordfører Tysvær kommune